

Hordaland fylkeskommune, regionalavdelinga

Postboks 7900

5020 Bergen

Vår dato: 01.12.2014

Vår ref: 2013/4163 - 27666/2014 / 201308

Dykkar ref:

Endra plangrense - Områderegulering gnr/bnr 23/1 m.fl. Sævarhagen, Haga, Nedre Økland

Me syner til dykkar brev datert 31.10.2014 der de kjem med fråsegn til Områderegulering for gnr/bnr 23/1 m.fl., Sævarhagen, Haga, Nedre Økland. Me har tidlegare og hatt dialog ang. planen både ved brev, telefonkontakt og i møte.

Me syner til punkt 3. i vedtaket der det står at det er manglande registrering av kulturminne i planområdet, og at de har motsegn i høve dette. Me har tidlegare motteke eit kostnadsoverslag for denne registreringen, og Stord kommune har ikkje midlar til å gå i gang med denne registreringen slik stoda er i dag.

Etter ulike vurderingar har me kome fram til at den beste løysinga på noverande tidspunkt er å ta ut det meste av LNF-områda frå områdeplanen. Me sit då igjen med ein plan som omfattar turvegtraseen samt bustadområda som ligg i tilknytning til denne. Me ønskjer difor at de føretek ei ny vurdering av kva kostnader for registrering av kulturminna innanfor endra planområde vil koma på. Me har og gjort nokre justeringar av områda for småbåtanlegg i sjø, og ønskjer difor ei ny vurdering av kostnader for dei marinarkeologiske undersøkingane.

Me vil vidare i saka gå gjennom traseen for turvegen i høve merknadane de har kome med for å gjera dei naudsynte endringane i høve kulturminna i området. Me kjem tilbake til dette ved eit seinare høve.

Med helsing

Lovise Vestbøstad
einingsleiar

Merete Refstie Hageberg
sakshandsamar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Vedlegg:

Endra plangrense - Områderegulering gnr/bnr 23/1 m.fl. Sævarhagen, Haga, Nedre Økland